

Møtereferat styremøte 20. oktober 2021

Styremøtet vart halde i Ulstein rådhus, Ulsteinvik 20. oktober kl. 18 til 20.30. Innkalling var sendt ut tidleg i oktober og saklista med saksdokument den 15. oktober 2021.

Frammøte frå styret: 11 av 15 representantar:

| Kommune: | Styremedlemmar: |
|-----------------|--|
| Fjord | Eva Hove (leiar) |
| Ulstein | Berit Sandvik Skeide (nestleiar) |
| Giske | Birger Honningsvåg (vara for Jan Ove Skodje) |
| Herøy | <i>Forfall – vara kunne ikkje møte</i> |
| Stranda | Jan Håkon Vikane |
| Sykkylven | Trond Bonesmo |
| Sula | <i>Forfall – vara kunne ikkje møte</i> |
| Vanylven | John Willy Klungre |
| Vestnes | Jon Kåre Osdal |
| Volda | Ola Einang |
| Ørsta | <i>Forfall – vara kunne ikkje møte</i> |
| Ålesund | Jarle Hauge Steffensen |
| Ålesund | Janet Roelofs |
| Ålesund | <i>Forfall – vara kunne ikkje møte</i> |
| Tilsettrepr. | Randi Kjerstad Hagerup (vara for Nes) |

Forfall: Linn-Therese H. Sævik (Herøy), Nils Erik Bjørkavåg (Sula), Karen Høydal (Ørsta), Jan Ove Skodje (Giske), Thea Elise Vestre Aasen (Ålesund), Christer Lundberg Nes (tilsettrepr.),

Andre: AB Støyva Emblem, dgl. leiar (referent), Randi Kjerstad Hagerup, prosjektkoordinator

Saksliste:

| Saksnummer: | Tittel: |
|--------------------|--|
| Sak 39/21 | Godkjenning innkalling, saksliste og referat sist styremøte |
| Sak 40/21 | Faste orienteringspostar |
| Sak 41/21 | Referatsak: Nye tilsetjingar i friluftsrådet |
| Sak 42/21 | Referatsak: Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal - driftsstyre |
| Sak 43/21 | Referatsak: Sande kommune søker medlemskap i friluftsrådet |
| Sak 44/21 | Marin forsøpling: Prosjekt Rydd ytre kyst Sunnmøre Nord |
| Sak 45/21 | Statleg sikting og forvaltningsplanar – orientering og påminning |
| Sak 46/21 | Friluftslivets ferdselsårer – stimuleringsmidlar frå MD/FK for 2021-23 |
| Sak 47/21 | Læring i friluft: Betre samarbeid med kommuneadm. for grunnskulane |
| Sak 48/21 | Status økonomi pr. september 2021 |
| Sak 49/21 | Lønnsforhandlingar for tilsette i friluftsrådet 2021 |

Orienteringar: Marin forsøpling prosjekt ydd ytre kyst v/prosjektk. Randi Kjerstad Hagerup.

Sak 39/21: Godkjenning innkalling, sakliste og referat styremøte

Innkallinga vart sendt tidleg i oktober, og sakslista vart sendt ut 15. oktober. Referat frå styremøte 30. juni 2021 ligg på nettsida: [Lenke](#)

Vedtak: *Innkalling og sakliste vert godkjend. Referat frå styremøte 30.6.21 vert godkjend.*

Sak 40/21: Faste orienteringspostar

Dagleg leiar/adm. orienterte kort om:

- **Status fagområde**
 - Aktivitet (sjå også sak 46 og 47/21) og StikkUT!
 - Drift Land (sjå også eiga sak 45/21) og Skjergardstenesta (sjå også eiga sak 42/21)
 - Marin forsøpling (sjå også eiga sak 44/21)
- **Status personalsituasjonen og andre administrative forhold** (sjå også sak 41, 43 og 49/21)
- **Andre dagsaktuelle orienteringar** – arbeidet opp mot nytt Storting og ny Regjering.

Vedtak: *Styret tek orienteringane til vitande.*

Sak 41/21: Referatsak: Nye tilsetjingar i Sunnmøre friluftsråd

Kort om saka:

- *Malin Therese Fiksdal* (34 år, Fiksdal) er tilsett som fagleiar for marin forsøpling i friluftsrådet. Ho har utdanning og erfaring innan naturbruk, landbruk, naturforvaltning og havbruk og fiskehelse. Ho har jobba sju år som skogansvarleg/landbruksrådgjevar i Vestnes kommune, og fem år som driftsoperatør på settefisk. Ho startar i jobben 1. november.
- *Hilde Ellingsæter* (54 år, Brattvåg) er tilsett som prosjektmedarbeidar i friluftsrådet og skal jobbe med Stikk UT!, Friluftslivets ferdselsårer, andre aktivitetsprosjekt og kommunikasjon. Hilde har lang erfaring innan journalistikk, grafisk design og arbeid med turstiar og turbøker. Ho har jobba fire år som redaktør/journalist i lokalavisa Nordre, og tretti år som grafikar i Hatlehols AS. Ellingsæter startar i jobben 1. desember.
- *Randi Kjærstad Hagerup* (45 år, Lepsøy) er midlertidig tilsett som prosjektkoordinator for prosjektet «Rydd ytre kyst Sunnmøre nord» ut 2023, sjå sak 44/21. Randi har tidlegare vore tilsett i SF som teamleiar for ryddig av fjøra sommaren 2021. Ho har solid erfaring som strandryddar over mange år, og har jobba i fleire organisasjonar. Randi har nyleg skrivne masteroppgåve om kva som motiverer frivillige i strandrydding. Ho startar i jobben 1. november.

Vedtak: *Styret tek presentasjonen av nyttilsetjingar til orientering.*

Sak 42/21: Referatsak: Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal - driftsstyre

Kort om saka:

Det er tidlegare orientert om (styresak 35/21) skjergardstenesta som er eit spleiselag mellom Staten v/Miljødirektoratet, MR fylkeskommune og dei to friluftsråda i fylket. Staten dekker 50 %, MRFK 25 % og friluftsråda samla sett 25 % av kostnadane. Sunnmøre friluftsråd står for drifta, og har det daglege ansvaret. Båt og mannskap er stasjonert i Ålesund, og skal operere i heile fylket. 16. juni vart samarbeidsavtala for skjergardstenesta signert av dei fire partane - [lenke](#). 7. oktober 2021 vart driftsstyret konstituert, og hadde første styremøte. Hove og Emblem sit i driftsstyret.

Vedtak: *Styret tek saka om konstitueringa av driftsstyret i skjergardstenesta til orientering.*

Sak 43/21: Referatsak: Sande kommune søker medlemskap i friluftsrådet

Kort om saka:

Sande kommunestyre vedtok 12. okt. å melde kommunen inn i Sunnmøre friluftsråd. Det formelle opptaket i friluftsrådet er på rep.skapsmøtet i mars 2022. Sande har valt Sindre Slettestøl som styremedlem, han tiltrer etter representantskapsmøte i 2022.

Etter at Sande melder seg inn, er det berre *Hareid kommune* som manglar i friluftsrådet. Vi er kjende med at dei førebur ei sak for kommunestyret i budsjettbehandlinga.

Dagleg leiar har besøkt kommunestyret i Sande, samt *Vanylven kommune* som evaluerer medlemskapet no i haust.

Vedtak:

Styret tek saka om Sande kommune sitt framtidige medlemskap til orientering og ynskjer dei velkomne som medlemskommune i Sunnmøre friluftsråd frå 2022. Det er formelt sett representantskapet som tek opp nye medlemskommunar.

Sak 44/21: Marin forsøpling: Prosjekt Rydd ytre kyst Sunnmøre Nord

Kort om saka:

Sunnmøre friluftsråd med skjergardstjenesta har vert ein viktig aktør i rydding av marin forsøpling i fleire år. Handelens Miljøfond har gjennom prosjektet Rydd Norge nyleg signert kontrakt med Sunnmøre Friluftsråd om rydding av *ytre kyst Sunnmøre Nord* (Ålesund og Giske). Prosjektet vil gå ut 2023, og har ei budsjetttramme på over 8 mill. inkl mva.

Friluftsrådet har knytt til seg tre lokale organisasjonar for å utføre ryddinga, i tillegg til at friluftsrådet sjølv skal rydde nokre område: Plastfritt Hav frå Giske, Plastpiratane frå Lepsøya og Tavaha Fjørtoft på Fjørtofta.

Vedtak:

Styret tek saka til orientering, og ber friluftsrådet orientere Ålesund kommune og Giske kommune om arbeidet. Styret påpeiker at prosjektet må vere fullfinansiert av Handelens Miljøfond/Rydd Norge, og ikkje gå ut over friluftsrådet sitt øvrige arbeid mot marin forsøpling i regionen. Styret ber vidare om statusrapportering undervegs i arbeidet, spesielt om det skjer større endringar/avvik ift. prosjekt- og framdriftsplan.

Sak 45/21: Statleg sikring og forvaltningsplanar – orientering og påminning

Kort om saka:

Statleg sikring er omtalt på sidene til [Klima- og miljødirektoratet](#) og [MR fylkeskommune](#).

Etter at eit område er sikra, skal kommunen utarbeide ein fireårig forvaltningsplan ([mal](#)).

MRFK godkjenner kommunale søknader om statleg sikring og forvaltningsplanar, frist 1. nov. Dagleg leiar viste ei oversikt over kva 79 område som er sikra på Sunnmøre i dag, og kva rolle friluftsrådet har for å stimulere og rettleie kommunane i sikringsarbeidet.

Vedtak:

Sunnmøre friluftsråd v/dagleg leiar skal vere ein pådrivar for at kommunane sikrar nye områder og utarbeider og fornyar forvaltningsplanar for desse.

Sak 46/21: Friluftslivets ferdsselsårer – stimuleringsmidlar frå MD/FK for 2021-23

Kort om saka:

Prosjektet Friluftslivets ferdsselsårer er igangsett av Klima- og miljødepartementet i 2019.

Prosjektet skal fremme planlegging, kartfesting, opparbeiding, og skilting og merking av samanhengande nettverk av ferdsselsårer for friluftsliv. Målsetninga med prosjektet ligg på

[Miljødirektoratet sine sider](#) . Rettleiar: [Plan for friluftslivets ferdelsårer](#). MR fylkeskommune behandlar [søknadar](#) frå kommunane, og dei to friluftsråda i fylket er koordinator og rådgjevar i arbeidet ute i kommunane. Tre av våre kommunar har meldt seg på i år: Fjord, Sykkylven og Ulstein. Friluftsrådet vil stimulere fleire kommunar til å melde seg på prosjektet i 2022. Vi kjenner til at Ålesund kommune vil melde si interesse til neste år.

Vedtak:

Styret ser verdien av at så mange som mogleg av medlemskommunane kartlegg ferdelsårene gjennom dette prosjektet innan 2023, og både styremedlemmane og administrasjonen vil arbeide for at kommunane melder seg på prosjektet til neste år.

Sak 47/21: Læring i friluft: Betre samarbeid med kommuneadm. for grunnskulane

Kort om saka:

Læring i friluft er eit prioritert aktivitetsarbeid i Sunnmøre friluftsråd. Det omfattar fleire prosjekt som Friluftsskulane, KomUT! (haustferie), kajakk i skulen, og det sparebankfinansierte prosjektet Slå på ringen med vidare. For at friluftsrådet skal jobbe meir systematisk med Læring i friluft og kunne planlegge betre ifm. handlingsplan og prosjektsøknader, ønsker vi å kome i tettare dialog med kommuneadministrasjonen som har ansvar for skular og barnehagar i kvar kommune («skulekontor»), rektormøte m.v. Styremedlemmane i friluftsrådet har ei viktig rolle i sin kommune for å kome i dialog med kommuneadministrasjonen. Styret må diskutere korleis vi best mogleg kan legge opp dette.

Vedtak:

Styret ber dagleg leiar kontakte Sunnmøre regionråd, regionnettverket for oppvekst, for å informere om friluftsrådet sitt arbeid og opprette eit meir systematisk samarbeid.

Sak 48/21: Status økonomi september 2021

Kort om saka:

Styret fekk tilsendt rekneskap for andre tertial 2021, samanlikna med same periode for 2020 (Resultatrekneskap andre tertial, resultatrekneskap kontospes. og rekneskapsfører Økonomiservice as sine kommentarar.) *Regnskapet viser eit foreløpig underskot på over 600.000 kr. Driftsinntektene er 25 % lågare enn i 2020, men er forventa å auke i slutten av året, fordi det er ein del innvilga tilskot som ikkje vert utbetalt før prosjekta er ferdigstilte. Lønnskostnadane er 20% høgare enn i fjor.*

Vedtak: *Styret tek status økonomi andre tertial til orientering.*

Sak 49/21: Lokale lønnsforhandlingar 2021

Kort om saka:

Sunnmøre friluftsråd er medlem av Samfunnsbedriftene og følger Hovudavtalen og [Hovedtariffavtalen i kommunal sektor](#), og skal følge rammene for stilling, lønn og lønnsforhandling som desse gir. For friluftsrådet er det også behov for å plassere dei tilsette i stillingsgrupper og -kodar. Dagleg leiar skal gjennomføre lønns- og medarbeidersamtalar dei komande vekene. Budsjett for lønnsauke er innarbeidd i det vedtekne budsjettet for 2021.

Vedtak:

AU har møte med dagleg leiar innleiingsvis om rammer og gjeldande reglement. Dagleg leiar gjennomfører innleiande drøftingar og får bistand frå ein i AU i sjølve forhandlingane. AU har møter med dagleg leiar undervegs om det er behov for avklaringar.